



Aspirantar: Thea, Ida Marie, Amalie og Camilla (Foto: Thor Inge Døssland)

Det er tid for årets førjulslotteri til inntekt for skulemusikken i bygda. I morgen torsdag klokka 1700 vil musikantane gå rundt på dørene for å selja lodd.

Vi håper dei blir godt mottekne slik som dei alltid har vorte. I år som før er det fine premier som blir levert på døra til vinnarane etter trekning 9. desember. Her er premielista:

1. Julekorg med matvarer og godteri
2. Slede
3. Julapynt
4. Julegruppe
5. Julapynt
6. Gåvekort 250.-
7. Spekemat
8. Julapynt
9. 7 sortar julekjeks
10. Røykjelaks

Styret i korpset